

Stort utbetningsarbeid i båthamna.

29.03.2017



Det føregår no eit større utbetningsarbeid i båthamna.

Det føregår i desse dagar eit større arbeid på asfaltsplassen i hamna til Uskedal båtlag. Som mange sikkert har merka seg, har grunnen under asfalten sige einskilde stader, ja, det har til og med oppstått hol i asfalten. Arbeidet som føregår no skal utbetra desse skadene og førebyggja for framtidige skader.

Det er Brødrene Musland Maskin som har arbeidet. Dei grev no opp massen langs kanten mot hamna. Deretter legg dei først duk før dei fyller opp med stein. Deretter skal det avrettast med fin masse før det vert lagt ny asfalt.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.